

## **Referat frå Årsmøte/Folkemøte i Vats Grendeutval**

**Onsdag 16.11.11 i Vindafjordhallen kl 19:00**

Frå styret møtte: Jon Olav Velde, Kristin Ove Skaret, Åsmund Kalstveit, Anne Nesheim Myhre, Severin Fatland, Hilde Fadnes Hølland

Frå bygda møtte: Ca 70 personar

Jon Olav Velde leia årsmøte/folkemøte, og 10. klassingen Arnt Olav Nesheim frå Nedre Vats hadde eit fint musikalsk innslag før me byrja med sakene.

### Sak 1. Døldarheia vindkraftverk

Prosjektleiar Reidar Pedersen frå Haugaland Kraft orienterte om dette prosjektet. Døldarheia vindkraftverket planlegg 30 – 50 vindmøller med åleg produksjon på om lag 320 GWh. Pedersen viste bl.a. visuelle biletar om korleis vindmøllene vil ta seg ut frå ulike stadar i kommunen. Det vil bli teke omsyn til høyringane som er komne inn frå dei berørte instansar. Han nemnde ulike alternativ til ilandføring av møllene samt planar for veg til transport av desse opp til Døldarheia. Frå Raunes og til Gjerdesdalen og opp peika seg ut til å bli det beste alternativet. Haugaland Kraft ynskjer også å styra kontraktar og anbod til lokalområdet. I investeringsfasen er det sett opp om lag 490 årsverk nasjonalt og 70 årsverk vil bli lagt lokalt. I driftsfasen vil ansvaret for drifta gradvis bli lagt lokalt. I januar 2012 vil det bli lagt fram ei konsekvensutgreiing og på vårparten blir saka lagt ut til høyring. I 2013 blir det ei formell investeringsgjennomgang.

### Sak 2. Tomtesituasjonen i Vats

Leieren i Vindafjord tomteselskap, Leon Dyngeland fortalte om positiv utvikling i bygda og om godt sal av tomter. Folk kjem langveis frå og vil å slå seg ned i bygda. Han fortalte om reguleringsplanar på Sørbøfeltet, om at Berge Sag vil utvida Knapphusfeltet innan eit år. Skjervheimfeltet i Nedre Vats er eit interessesant felt som det blir arbeidd med.

### Sak 3. Tiltaksplanar for Vatsvassdraget

Koordinator i prosjektet for Vatsvassdraget, Harald Velde, hadde ei god orientering om tiltaksplanar for å betra vasskvaliteten i vassdraget. Han snakka om kor viktig det er for bøndene med meir nøyaktig gjødsling, om dei positive gevinstane renseparkar/falldammar har på vatnet, om at alle må passa på avrenninga frå gjødselskummar og private kloakkanlegg.. I prosjektgruppa sit bondelaget, grunneigarlaget, Haugaland landbruksrådgjeving, Vindafjord kommune si landbruksavdeling og grenautvalet. Prosjektgruppa kjem til å ha eit møte 30. nov. i Vindafjordhallen saman med representantar frå Jærvassdraget – der har dei kome langt med å redda vassdraget.

#### Sak 4. Demontering av lastebøye i Yrkjesfjorden

Olav Ubøe frå AF Miljøbase på Raunes orienterte med gode illustrasjonar om prosjektet med demontering og ilandføring av lastebøyen. Dette prosjekt har vore mykje i fokus i det siste. AF Decom har sendt ein søknad om dispensasjon for denne demonteringen til Vindafjord kommune og KLIF. Grunnen til demontering på sjøen er at lastebøya med helikopterdekk og lasterampe er for stor til få på land heil. Heliokopterdekket på denne 180m høge bøyen må takast av og fraktast på lekter til kaien. Deretter vil sjølve dette "røyret" leggjast horisontalt og fraktast på lekter til kaien. Ubøe kunne forsikra alle om at lastebøya blir reingjort og ribba for utstyr offshore. Arbeidet som skal gjerast i Yrkjesfjorden vil skje etter alle sikkerhetsrutinar - det blir minimal fare for noko utslepp i fjorden ved denne operasjonen. All demontering og gjenvinning av desse to delane skal skje på land.

#### Sak 5. Kunstgrasbane på fotballbanen i Vats

Øyvind Nortveit, leiar i SK-Vats kunne gledeleg fortelja at grasmatta på fotballbanen i Nedre Vats skulle skiftast ut og gjerast om til kunstgrasbane. Den økonomiske biten er nå i boks. Dermed kan ein bruke banen heile året når arbeidet er gjort i løpet av neste år. Det står respekt av det arbeidet som SK-Vats gjer for barn og unge.

#### Sak 6. Årsmelding og rekneskap

Årsmelding og rekneskap vart lagt fram og godkjent utan merknad. Grendautvalet har hatt eit aktivt år og teke opp mange saker for bygdefolket i Vats. 6 styremøte og 39 saker + mange møte med ulike instansar fortel om eit aktivt utval. Grendautvalet har bl. a. arbeidd mykje for veglys, og sykkel- og gangvegar og farlege vegkryss i bygda

Sak 7.      Val

Åsmund Kalstveit gjekk ut av styret. Jon Olav takka han for engasjementet hans og for godt samarbeid. Velde takka også Bjørn Morten Stokka for at han driftar heimesida til Vats, vatsnett.com – på dugnad.

**Det nye styret i Grendeutvalet:**

Jon Olav Velde (leiar/kasserar) attval, Hilde Fadnes Hølland (nestleiar/skrivar), Anne Nesheim Myhre og Kristin Owe Skare står frå før, Severin Fatland attval og Alf Egil Vaula som er ny.

**Ny. 1. og 2. varamedlem:**

Per Fatland og Magne Skrunes. Haldor Skare, revisor.

**Valkomite:**

Bjørn Morten, Ingunn Skåsheim Ohm og Gro Karin Velde, attval.

For Vats Grendautval, 18.11.11

Hilde Fadnes Hølland

-skrivar-